



Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref.:

Vår ref: 2007/479 0

Harøy: 15.01.2008

Kommentar til Sørheimutvalet sitt forslag til inntektssystem for kommunane

Viser til brev dgs 26.10.07 vedk. Høyring – Sørheimutvalget – Inntektssystemet for kommunene.

Fordi Sørheimutvalet sitt forslag til inntektssystem, med grunnlag i prognostiserte, kriteriebaserte berekningar, plasserer Sandøy kommune, saman med eit fåtal kommunale kollegaer, i eit økonomisk uføre som vil bety maltraktering av tenestetilbod og velferdsutvikling, har vi valt å kome med ein eigen uttale.

Uttalen har situasjonsrapporten si adresse til notid og framtid, meir enn ein kommentar til problemstillingane i KRD sitt brev per 26.10.07.

Først ein kortfatta presentasjon av Sandøy kommune som samfunn og organisasjon

Geografisk er vi per definisjon ei distriktskommune med om lag 1290 innbyggjarar fordelt på 5 bebudde øyer. Dette medfører relativt store driftsmessige og infrastrukturelle utfordringar. Tenestetilboda og velferdstiltaka skal rekke ut til alle, og sjøvegen er ein kostbar veg å ferdast langs, både tidsmessig og økonomisk.

Den demografiske situasjonen er utkantstypisk, med ei overvekt av den eldre aldersgruppa, samtidig som vi har innslag av bortimot 30 ulike nasjonalitetar.

Eit næringslivet som i all hovudsak er maritimt relatert, kan vise til ei særskild høg verdiskaping som igjen legg grunnlaget for ein høg levestandard og dermed høg skatteinnngang – langt over landsgjennomsnittet, såpass langt over at regionaltilskotet frå og med 2007 vart ein saga blott. Om lag 125 kommunale årsverk fordelt på 165 kommunalt tilsette mobiliserer dagstøtt den utøvande kompetansen sin for å oppretthalde kvaliteten på mangfaldet av livsløpstenestene, desse tenestene som er nødvendige for å ivareta trivsel, trygghet, stabilitet og framtidsoptimisme i lokalsamfunnet.

Sandøy kommune sitt særpreg og eigenart kan samanfattast til ei ein-av-alt-kommune, ein skule, ein barnehage, ein kulturskule, ein sjukeheim, ein helsestasjon, eitt legekantor, eitt SFO-tilbod, osb.... Med andre ord, å rasjonalisere/effektivisere ytterlegare enn vi har gjort, betyr i praksis å legge ned, utradere.

Så ein oversiktsstatus for Sandøy kommune sine økonomiske vilkår 2008 med gjeldande inntektssystem som premissleverandør

Med bortfallet av regionaltilskotet, grunna ein skatteinngang i 2006 på om lag 120 % av landsgjennomsnittet, og ein dramatisk nedgang i selskapsskatten i 2005, viste den berekningstekniske dokumentasjonen til Stortingsproposisjonen nr. 2007-2008, at Sandøy kommune sine frie inntekter vart redusert med 5,8 %, målt i forhold til 2006-nivået. Avstanden mellom prognosane for frie inntekter og driftsmessig behov handla om vel 8 mill kroner. For ikkje å bygge ned det ein har brukt år på å bygge opp, for ikkje å kome på kant med det lovpålagte i lovverket, opplæringslova, barnehagelova, sosialtenestelova, helsetenestelova osv...osb... valte kommunestyret å ty til følgjande:

- a) innføre eigedomsskatt på verk og bruk, estimat 1,7 mill kr
- b) auke opp bruken av ei forventa avkastning frå forvaltningskapitalen, anslag 5,8 mill kr
- c) auke opp skatteanslaget, berekna til 1,1 mill kr

Paradokset som både det politiske og administrative systemet slit med er at kriteria og føringane i inntektssystemet gjer verksemda Sandøy kommune dramatisk ressursfattig grunna den voluminøse skatteleveransen frå lokalsamfunnet til storsamfunnet.

Følgjande oppsett forklarar forholdet meir i detalj:

Innkravd skatt i 2006:

Forskotsskatt (personbeskatning) ☞	83.3 mill kroner
Selskapsskatt ☞	<u>32.5 mill kroner</u>
Skatt til staten innbetalt i 2006	115.8 mill kroner

Prognose frie inntekter 2008:

Tilbakeført til Sandøy kommune, skatt ☞	kr. 29 406 000.-
Rammeoverføring ☞	<u>kr. 27 199 000.-</u>
Totalt frie inntekter 2008	kr. 56 605 000.-

Tilbakeført til Sandøy kommune målt i høve til skatteleveransen: **48,9 %**

Til skatteutjamning: **51,1 %**

Redusert innmeldt behov og netto budsjett 2008 ☞	64,6 mill kroner
Frie inntekter ☞	<u>56,6 mill kroner</u>
Underdekning	8,0 mill kroner

Det lokalpolitiske sukket uttrykkjer ikkje uvilje mot å bidra inn mot dei skattesvake kommunane, den store fellesskapen. Men å bidra seg sjølv til fant vert i meste laget. At kommunen i tillegg skal bli økonomisk straffa fordi den tilrettelegg infrastrukturelt, sosialt og kulturelt for næringslivet si verdiskaping og rekrutteringsbehov, er også ei side ved dette opplevde paradokset.

Kva så med Sørheimutvalet sine innovative (?) bidrag

Vi er kjent med følgjande målsetjing med inntektssystemet:

"Inntektssystemet er et system for fordeling av den økonomiske rammen for de frie inntektene på kommuner og fylkeskommuner slik at kommunene og fylkeskommunene blir satt i økonomisk stand til å gi innbyggerne et likeverdig tjenestetilbud uavhengig hvor i landet man er bosatt.

I tillegg til å sikre innbyggerne grunnlag for et likeverdig tjenestetilbud skal inntektssystemet bidra til et bosettingsmønster slik at hele landet tas i bruk"

Og for å oppnå målsetjinga skal følgjande oppskrift gjelde:

"Et likeverdig tjenestetilbud skal oppnås gjennom inntekts- og utgiftsfordelingen, mens tilrettelegging for et ønsket bosettingsmønster skal oppnås gjennom regionalpolitiske virkemiddel."

Utan å gå nærare inn på dei problemstillande kulepunkta i KRD sitt høyringsbrev frå 26.10.07, kan følgjande stå som ein målande kommentar:

Dersom Sørheim sine fordelingskriterier vert gjort gjeldande, vil overføringane til Sandøy kommune bli:

- redusert med 2,1 mill kroner frå første verknadsår
- redusert med 5,4 mill kroner ved full uteljing

Prosentvis skatteutjamning vil dermed auke frå 1,7 % til 4,7 %. Med andre ord, når effekten av overgangsordninga er nulla ut, vil Sandøy kommune sin sine frie inntekter utgjere 44,2 % av innkrevd skatt.

Med grunnlag i utvalet og inntektssystemet si målsetjing, kan ein utan blygsel konkludere med at Sandøy kommune ikkje vert omfatta av dei velmeinande formuleringane.


Kva forventar vi av eit inntektssystem


Kommune-noreg si oppgåve er å vere staten si forlenga velferdsarm. Men for å kunne utføre dei oppdraga som gjer det muleg, må dei økonomiske vilkåra oppfyllest. Vi **må** kunne forhalde oss til det forutsigbare som kompenserer for sentralt påført kostnadsauke som lønns- og prisvekst, som sentralpolitiske statsingar og reformer, av respekt til dei tilsette, til innbyggjarane, til forventa velferdsutvikling og staten sjølv.

Eit inntektssystem som har preg av ei berg-og-dal-bane, eit inntektssystem som ikkje fangar opp og kompenserer for raske negative endringar, eit inntektssystem som baserer seg på rigide matematiske formlar, eit inntektssystem som ikkje har eit nyansert blikk for særlege driftsmessige utfordringar, eit inntektssystem som gjer at ein må leve i ein stadig konflikt- og kampsituasjon overfor staten, gjer den kommunale arbeidsdagen, den politiske aktiviteten og lokalsamfunnet si framtidstenking tafatt og defensiv.

Vi forventar eit inntektssystem som er basert på tillit til at kommunen er profesjonelt i stand til å utføre dei oppgåvene kommunen er sett til, eit inntektssystem med garanterte økonomiske rammevilkår som gjer kommunen i stand til å halde tritt med kostnadsveksten, eit inntektssystem som i det minste sikrar innbyggjarane å nyte godt av eiga verdiskaping, som gjer kommunen i stand til å stake ut kursen utifrå sikre navigasjonsobjekt.

Med helsing
for Sandøy kommune


Oddvar Myklebust
ordførar


Lasse Larsson Fjærtøft
rådmann

Kopi:
KS, Møre og Romsdal